

Ordføraren møtte dugnadsentusiasten Sella.

20.05.2015



I dag troppa ordføraren opp med jordbær til dugnadsentusiasten Sella Hjønnnevåg. Her sit ho på det gamle sykkelstativet saman med barnebarnet Norah.

Like før nasjonaldagen skreiv vi om pensjonisten Sella Hjønnnevåg og ektemannen Alf sin innsats på ulike felt i bygda. Då pynta dei ekstra opp rundt skulen til 17.mai. Men det stoppar ikkje der. Sella har stadig nye planar til beste for fellesskapet. Også ordførar Synnøve Solbakken har fatta interesse for dette, og i dag møtte ho den aktive Sella medbrakt smakfulle jorbær.

Sella hadde lagt merke til at det trondst å bli gjort forskjellige ting rundt skulen. Den energiske og dugnadsglade pensjonisten hadde lyst å engasjera seg i dette.

- Eg ser at vaktmeisteren ikkje har tid til alt som kunne vore gjort, og då kan eg hjelpe til at noko vert gjort, sa ho då eg snakka med ho i ettermiddag.

Derfor hadde ho vore i kontakt med fleire kommunetilsette, mellom anna ordførar Synnøve Solbakken, om dette. Ordføraren fatta straks interesse og melde frå om at ho ønskte å møta Sella for å sjå på det.

I dag møttest dei to damene på skuleområdet då ordføraren troppa opp med jordbær til Sella. Ho viste stor interesse for det Sella ville gjera, og dermed er den driftige pensjonisten alt i gong.

Mellom anna hadde ho sett at det heimelaga sykkelstativet som i si tid vart laga av tømmerstokkar var morkna og lite funksjonelt. Dermed vart det ikkje brukt. No har Sella bestilt nye sykkelstativ på Felleskjøpet. Så snart dei er på plass, vil dei gamla verta fjerna. Ho håpar at fleire vil vera med å spleisa på dei nye stativa.

Noko anna som ho ønsker å få sving på, er kjøkkenhagen. Bakgrunnen for dette er mellom anna eit ønske frå eit av barnebarna. For nokre år sidan opparbeidde skulen ein liten kjøkkenhage. I den er det no stort sett rabarbra, bringebærris og ugras. Denne vil Sella no vera med på å utvida, og få planta ulike nyttevekstar.

- Det er eit undervisningsopplegg som heiter **Frå jord til bord**, fortel ho og legg til at det m.a. består i å bruka det som vert dyrka i kjøkkenhagen i supper. Dette er ein del av planane. Elles skal både rhododenron-buskar og fruktre som står i same området, både friserast og klippast.

- Dette skal verta så fint at, seier ustoppelege Sella Hjønnnevåg som understrekar at alt sjølv sagt skjer i samråd med skulen.

Og kva så med jordbæra som ho fekk av ordføraren? I heilt vanleg Sella-ånd delte ho med skulelevane slik

at kvar elev som kom forbi fekk eit bær.



Norah og bestemor har mykje kjekt i lag. Det får dei heilt sikkert også når dei skal utvida kjøkkenhagen her.
Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.